



Styremøte

Tid og stad:

Onsdag 24. august 2016 kl. 19.00 på klubbhuset.

Saksliste:

- | | |
|-------|-----------------------|
| 22/16 | Arthur-helga |
| 23/16 | Fotballturnering GJ09 |
| 24/16 | Klubbhusprosjektet |
| 25/16 | Eventuelt |

Oppmøte:

Leiar Anne Bjørg Bringsvor, sekretær Eirik Voksøy Bringsvor, kasserar Svein Helge Bringsvor, styremedlem Knut Olav Skare og vara Gunnhild Bringsvor.

Forfall:

Nestleiar Endre Vorren.

Referat:

Sak 22/16 Arthur-helga

Arrangementa gjennomført etter planen, og for det aller meste knirkefritt. Ein god del pakkar kjøtkaker og kasser brus/vatn til overs. Sistnemnde er ordna, kjøtkakene vil samarbeidslaget prøve å selje til privatpersonar. Omtrent 400 selde middagar i løpet av helga.

Konserten med koret Sirene fredagskvelden vart dessverre ingen inntektssuksess, sidan det berre var 74 tilskodarar.

Samarbeidslaget har oppsummert årets innsats, og konklusjonen er at systemet og arbeidsfordelinga fungerer godt, og at alle i årets gjeng har hatt gode bidrag. Foreløpig heilt usikkert kva det økonomiske overskotet vert.

Sak 23/16 Fotballturnering GJ09

Lagleiar for GJ09, Bjørn Thore Hansen, har tatt ansvaret for å arrangere fotballturnering for laget. Denne vert truleg her hos oss, men det er ikkje bekrefta. Sannsynlegvis 24. september.



Sak 24/16 Klubbhusprosjektet

Treningsstudioet kan opnast for bygdefolket rundt månedsskiftet september/oktober. Det står igjen litt kledning av vegg og tak i garderobene, samt listverk i alle rom. Montering av treningsapparata, innreiing i garderobene. Vask av gamlebygget utvendig, deretter beising av denne delen. Nedvask innvendig før opning. Planering utvendig.

Olav Våge har fått ansvar for planering rundt huset. Knut Olav syter for nedvask utvendig. Eirik har ansvar for resten av det innvendige, men ein må gjerne melde seg for å hjelpe til.

Vi må organisere rutinemessig vask av anlegget når det er i bruk. Helst få til dette som ei rundgangsordning på dugnad. Ikkje avvisande til å gje litt løn, dersom det blir stor byrde på eit fåtal personar.

Anne Bjørg spør aktuelle personar om dei vil vere med på ei dugnadsordning.

Dugnadsinnsatsen har ikkje stått i stil med det som var vi la opp til. Eirik har gjort det aller meste aleine dei siste månadane, og krev å få betaling også utover dei to vekene som var bestemt på styremøtet i april. Ser føre seg ein sum i området 10-20000 kroner.

Pris for tilgang på anlegget for bygdefolket? Einige om 1200 per år for medlemmar, og 1500 per år for ikkje-medlemmar. Kan betale for halvt år om gangen – avtale med kvar enkelt brukar. Kan gjere spesielle avtalar med utgangspunkt i årsprisen, dersom nokon ønskjer kortare perioder.

Dei som har lagt ned betydeleg innsats i arbeidet med klubbhuset, får tilbod om redusert pris eller tilsvarande tilgang. Gjer avtale med kvar enkelt.

Forsikringa av huset gjeld sjølv sagt den gamle delen. Vi synest premien på 6000 kroner per år har vore høg – sjekke alternativ, og få med alt inventar. Spørsmål om vi har plikt til å forsikre dei som brukar treningsrommet.

Svein Helge ordnar ny forsikring, og sjekkar i samband med det opp alternativ til den gjeldande tilbydaren.

Eirik har fått eit forslag og pristilbod på låssystem for handicap-toalettet, sidan det er gjennomgang frå treningsstudioet til den gamle delen av huset. Det må



vere stengt mellom toalettet og gangen, for å unngå at nokon går gjennom frå treningsromet og låser opp ytterdørene i gamledelen.

Vi prøver å få eigen nøkkel til dørene til HCWC og då kan det låsast opp og igjen slik som det passar best ved utearrangement.

Sak 25/16 Eventuelt

Reaksjonar på behandlinga av ein enkeltspelar på J13-fotballaget. Ho har gjentekne gongar ikkje fått speletid på kamp, seinast i går kveld. Uavhengig av grunnen til dette, er det uakseptabelt for oss. Det er Kvamsøy som styrer med laget i år.

Anne Bjørg tek kontakt med styret i Kvamsøy IL. Eventuelt få til eit møte mellom styra og lagleiarane, der ein diskuterer felles retningslinjer.

Møtet slutt 21.00.

Dato for neste møte ikkje bestemt.